

RETNINGSLINER FOR KULTURPRIS, KULTURSTIPEND OG FRIVILLIGPRIS I SKAUN KOMMUNE

Formål:

1. Skaun kommunes kulturpris har to formål:
 - a. Vere til inspirasjon for aktive kulturarbeidarar.
 - b. Tene som takk til personar som har gjort ein stor innsats for kulturlivet i Skaun kommune.
2. Skaun kommunes kulturstipend skal inspirere til og leggje til rette for utdanning og vidareutvikling for kulturutøvarar i Skaun kommune.
3. Skaun kommunes frivilligpris har to formål:
 - a. Vere til inspirasjon for alle som er engasjert i frivillig arbeid.
 - b. Tene som takk til personar som har gjort ein stor innsats for det frivillige arbeidet i Skaun kommune.

Mottakarar:

1. Kulturpris og kulturstipend skal i hovudsak gå til enkeltpersonar busette i Skaun kommune, men kan òg gå til personar som er knytte til kommunen på annan måte. Kulturprisen kan eventuelt gå til grupper av personar, institusjonar, lag eller organisasjonar.
2. Frivilligprisen skal i hovudsak gå til enkeltpersonar busette i Skaun kommune, men kan i spesielle høve gå til personar som er knytte til kommunen på annan måte. Eventuelt kan også grupper av personar, institusjonar, lag og organisasjonar få prisen.

Avgrensingar og presiseringar:

1. Omgrepet 'kulturarbeid' omfattar aktivitetar som inngår i eit vidt syn på kultur.
2. Omgrepa 'utdanning' og 'vidareutvikling' kan t.d. omfatte kursdeltaking eller studieturar som ikkje får støtte/lån gjennom andre ordningar, som t.d. Statens lånekasse for utdanning.
3. Omgrepet 'frivillig arbeid' viser til ikkje-obligatorisk arbeid, enten utført gjennom organisasjonar eller direkte overfor personar utanfor eigen husstand. Det blir lagt vekt på at tenesta eller aktiviteten er ulønna. I tillegg må tenesta eller aktiviteten vere til fordel for samfunnet, miljøet og/eller spesielle grupper.

Forslagsrett/søknad:

1. Forslag om kandidatar til kulturprisen og frivilligprisen kan fremjast av enkeltpersonar, institusjonar, lag og organisasjonar.
2. For kulturstipend er det kandidaten sjølv som sender inn søknad.

Tildeling:

1. HOKU vurderer hvert år kor vidt kulturpris, kulturstipend og frivilligpris skal delast ut, og bestemmer kven som skal få desse utmerkingane.
2. Frist for å sende inn forslag/søknad er **1. oktober** for inneverande år.
3. Kulturstipendet er på kr. 10.000,- medan mottakarane av frivilligpris og kulturpris får heider i form av kunstverk og diplom. Ordføraren deler ut både prisar og stipend.
4. Mottakarar av kulturstipend skal gje skriftleg rapport om bruken av midlane innan rimeleg tid etter utdeling.